



Statens vegvesen

ANDERS VALLE
HOPSDALSVEGEN 31 A
5915 HJELMÅS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/198389-2

Dykkar referanse:


Vår dato:
20.12.2017

Uttale – Byggjegrænse – E39 – Gnr. 194 bnr. 5 m.fl. – Privat veg – Mundal – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 10.11.2017.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om å bygge privat veg langs E39. Tiltaket går over gnr. 194 bnr. 5, 13, 32, 11 m.fl. Vegen skal ha avkøyrsløse til kommunal veg Hopdalsvegen. Tiltaket ligg innanfor byggjegrænse til E39.



Del av situasjonskart vedlagt søknaden. Ny tilkomstveg er synt med blå midtline. Avkøyrsløse ligg ved bru tilhøyrande til kommunal veg, Hopdalsvegen.

Opplysning om saksgang:

Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vere avklara etter plan- og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. § 19-2. Vi har og klagerett i slike saker. *Dette brevet er difor utforma som ein uttale som kan nyttast til kommunen si handsaming av søknaden.*

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Uttale til søknad etter plan- og bygningslova:*Tekniske opplysningar:*

Tiltaket ligg langs E39. Fartsgrensa på staden er 70 km/t, årsdøgertrafikk (ÅDT) er 6500. Vegstrekninga er klassifisert til *Haldingsklasse 1* jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013–2016)*».

Vegvesenet si vurdering:

Byggjegrænse langs veg skal ivareta trafikktryggleiken, vegvedlikehaldet og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen.

Det er søkt om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg for å opparbeide ny tilkomstveg til fleire fritidseigedomar som ligg sør for E39. Det er og søkt om å etablere parkeringsareal og opparbeide av sti ned til sjøen. Søknaden er grunngeve med at dette vil fjerne behovet for farlege parkeringar og kryssingar av E39. Det vert og vist til eksisterande vegrettar. I søknaden kjem det fram at det skal byggjast ein enkel veg utan vesentlege terrenginngrep. Vegen ligg om lag 10 – 12 meter frå vegkant og har avkøyrslar til kommunal veg Hopdalsvegen. Det er opplyst at tiltaket også treng dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona, samt at det trengs løyve til avkøyrslar frå kommunal veg.

E39 er ein viktig hovudveg med nasjonal og regional funksjon. Byggjegrænse langs denne vegen er 50 meter frå vegmidte, og strekninga er klassifisert til den strengast haldningsklassa jf. *Rammeplan*. Så vidt vi kan tolke ut frå vedlagt situasjonskart ligg tilkomstvegen på eller ved fylling til E 39.

Utviklinga langs veg har ført til at arealbehovet langs riksvegane er stort. Mellom anna er det auka behov for areal til framføring av gang- og sykkelveg, oppføring av støyvoller og støyskjermer. Tilkomstvegen ligg innanfor det varsla planområde for *Kommunedelplan Flatøy – Eikefettunellen* (ny E39). På denne del av strekninga skal planarbeidet avklare løysingar for mjuke trafikantar. Eit kompliserande og fordyrande element ved framføring av gang- og sykkelveg er utløysing av tiltak og innretningar som ligg langs vegen. Å handheve byggjegrænse er eit relevant og nyttig verkemiddel i denne samanhengen.

Vi meiner at plassering av tilkomstveg og avkøyrslar er i strid med omsynet til trafikktryggleiken på fleire punkt, både for trafikantar på E39 og den kommunale vegen. Det er mellom anna fare for å blende motgåande trafikk på E39, og stigningsforholdet på tilkomstvegen fører til at sikta i avkøyrslar vert redusert.

Det er allereie etablert ein tilkomstveg som går parallelt med den omsøkte vegen. Vi finn ikkje at det er grunnlag til å etablere ny veg i dette området. Vi meiner heller ikkje det er eit argument for søknaden at det er risikofylt å krysse E 39, så lenge ein kan nytte eksisterande bru over E39.

Sluttord:

Denne uttalen skal leggjast ved søknad om dispensasjon som skal sendast til Lindås kommune.

Statens vegvesen er svært kritisk til etablering av ny tilkomstveg som ligg i strid med byggjegrensa. Kommunen må forutan relevante dispensasjonar vurdere om omsøkte avkøyrslø tilfredsstillar dei krav som vert sett med omsyn på trafikktryggleiken og utforming.

Dersom kommunen vel å gje dispensasjon for tiltaket ber vi om å få saka tilsendt til klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ